

# BOKN KOMMUNE FORMANNSKAPET

## MØTEINNKALLING

**Møtedato:** 05.04.2016  
**Møtestad:** Boknatun  
**Møtetid:** Kl. 19:00

**Oppmøte på Boknatun kl 17:00 for befaring på Are – kommunal kai.  
Hugs: Støvler!**

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

**Bokn kommune**  
...30.03.2016.....

Tormod Våga  
Ordførar

---

Jan Erik Nygaard  
sekretær

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
026/16	Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.2016
027/16	Framtidig kommunestruktur - folkeavrøysting i Bokn kommune.
028/16	Gnr. 11 bnr. 185 - Magne og Finn Alvestad - kjøp av 2 tomter i Knarholmen for bruk til verksemd knytt til fiskeri
029/16	Plan strategi kommune struktur
030/16	Refinansiering av fleirbrukshallen I Bokn

Næringssaker – unntatt offentligheten deles ut I møte

**Sakspapir til sak nr 029/16 og 030/16 blir sent ut når de er ferdigstilt**

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Sakshands.</b>
Formannskapet	05.04.2016	026/16	GRS

<b>Saksansv.:</b> Gro Sørensen	<b>Arkiv:</b> K1-033, K3- &17 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr:</b> 16/4
--------------------------------	--	----------------------------

### **Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.2016**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.04.2016	027/16	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-024	Arkivsaknr
	Objekt:	16/191

### Framtidig kommunestruktur - folkeavrøysting i Bokn kommune.

#### Dokumentliste:

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet vedtar følgjande reglar for rådgjevande folkeavrøysting om samanslåing av kommunane Bokn og Tysvær:

1. Dato for rådgjevande folkeavrøysting i spørsmål om samanslåing av Bokn og Tysvær blir sett til måndag 20. juni 2016.
2. Røysterett har dei som er folkeregistrert som busett i Bokn kommune 10. april 2016. Dersom ein nyleg har flytta må melding om flytting vera motteken i folkeregisteret innan 10. april 2016.
3. For å ha røysterett må, i tillegg til å vere busett, følgjande kriterium vere oppfylt:
  - Norske statsborgerar som har fylt 16 år innan utgangen av 2016 og som er, eller har vore, registrerte som busette i Norge.
  - Statsborgerar i andre nordiske land som har fylt 16 år innan utgangen av 2016, og som har vore registrerte som busette i Norge seinast 10. april 2016.
  - Andre utanlandske statsborgerar som har fylt 16 år innan utgangen av 2016, og som har vore registrerte som busette i Norge samanhengande dei 3 siste åra før valdagen, som er 20. juni 2016.
4. Mantalet vert lagt ut til offentleg ettersyn i Bokn servicetorg så snart mantalet er klart og vil ligg ute til valdagen.

5. Førehandsrøysteperioden blir vedtatt sett til perioda frå 20. mai til 17. juni der førehandsrøystestaden blir lagt til Servicetorget.
6. Stad for rådgjevande førehandsrøysting er Allrommet Boknatun.
7. Opningstida for folkeavrøystinga blir sett til kl. 09.00 – 20.00.
8. Rådmannen administrerer det praktiske arbeidet med folkeavrøystinga og utpeikar valmedarbeiderar og røystestyre.

Boknatun, 29 mars 2016

Jan Erik Nygaard  
Rådmann

Gro A. Sørensen  
leiar i servicetorget

**Kva saka gjeld:**

Folkeavrøysting om samanslåing av kommunane Bokn og Tysvær.

**Bakgrunn for saka:**

Bokn kommunestyre vedtok i møte 8. mars 2016, sak 018/16, blant anna at spørsmål om samanslåing av Bokn og Tysvær til ein kommune blir tatt opp til rådgjevande folkeavrøysting.

**Saksutgreiing:**

For å kunne gjennomføra ei rådgjevande folkeavrøysting på ein forsvarleg måte er det naturleg å leggje seg så tett opp under regelverket om kommunestyreval som råd er. Kommunestyreval er regulert i Vallova.

Dei reglane som her er foreslått for gjennomføringa av den rådgjevande folkeavrøystinga i Bokn er identiske med vallova bortsett ifrå datoar for gjennomføring og mantal. Dei er også nesten identiske med dei reglar for rådgjevande folkeavrøysting som er sett i kommunane Hå, Klepp og Time som den 25. april 2016 røyster over å gå saman til ein kommune – Jæren kommune.

Vidare har ein også utvida røysteretten, i tillegg til å vere busett i Bokn kommune, til å gjelda også for dei som har fylt eller fyller 16 år i 2016. Det er viktig for kommunen å høyra også dei som er 16-åringar om kva dei meiner om å slå saman dei to kommunane til ein.

Røysterett for 16-åringar har også dei 3 kommunane som skal røyste over ein ny – Jæren kommune, også gjort.

Det er vidare i tråd med forsøk gjort i enkelte kommunar under kommunevalet både i 2011 og i 2015.

Den praktiske gjennomføringa med folkeavrøystinga, som til døme gjennomføring av førehandsrøysting, trykking av røystesetlar, antal valmedarbeiderar, røystestyre etc. blir lagt til rådmannen.

**Vurdering:**

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.04.2016	028/16	KBU

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: GBR-11/185	Arkivsaknr
	Objekt:	15/97

### Gnr. 11 bnr. 185 - Magne og Finn Alvestad - kjøp av 2 tomter i Knarholmen for bruk til verksemd knytt til fiskeri

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	04.02.2015	FinnM Alvestad	Ynskje om kjøp av tomt på Knarholmen
1	U	05.02.2015	Finn Alvestad	Tilbod om tomt
3	U	06.02.2015	Kystverket v/ Anne Britt Ottøy	Sal av næringsareal til Finn og Magne Alvestad i Fiskerihamna i Knarholmen
4	I	26.02.2015	Kystverket Vest	Uttale til henvendelse om salg av areal - Knarholmen fiskerihavn - Bokn kommune - Rogaland fylke
5	U	02.03.2015	Fiskarlaget Vest	Sal av næringsareal til Finn og Magne Alvestad i fiskerihamna i Knarholmen
6	I	10.04.2015	Fiskarlaget Vest	Sal av næringsareal i fiskerihamna - Knarholmen Bokn
7	I	17.07.2015	Finn Alvestad	Knarholmen - kjøp av næringsareal.
8	U	16.10.2015	Finn M. Alvestad	Gnr. 11 bnr. 185 - Finn og Magne Alvestad - kjøp av næringsareal på Knarholmen
9	I	06.12.2015	Finn Alvestad	Søknad om kjøp av tomt i Knarholmen fiskerihavn .

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

## RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn kommune sel arealet på sjølve Knarholmen og/eller arealet på land nord for moloen til eit eller to selskap under stifting ved Finn M. og Magne Alvestad.

Området på sjølve Knarholmen som er regulert til næringsføremål har eit landareal (På Knarholmen og på 3 små holmar) på ca. 2.380 kvm og eit sjøareal på 6.120 kvm til saman 8.500 kvm.

Det aktuelle området på landsida nord for moloen, som er regulert til næringsføremål, har eit landareal på ca. 3.020 kvm og eit sjøareal på 2.030 kvm til saman 5.050 kvm.

Kjøparen betaler for landarealet gjengs pris for ikkje opparbeid areal i området, kr. 85,- pr. kvm. Regulert sjøareal fylgjer med på kjøpet. I tillegg betaler kjøpar handsamingsgebyr for utskiljing, oppmålingsgebyr, tinglysingsgebyr for målebrev og skøyte samt dokumentavgift.

2. Reguleringsplan med føresegner og grunneigarerklæring ligg til grunn for salet. Kjøpar ber alle kostnader som måtte koma som fylgje av planar som er i motstrid med desse.
3. Kjøparen må syta for naudsynte godkjenningar og alle kostnader som kjem som fylgje av at molo skal nyttast som tilkomstveg.
4. Dersom det innan 31.12.2020 ikkje er kome i gong arbeid med opparbeiding av areala, har Bokn kommune rett til å kjøpa tilbake begge eller kvart av dei selde tomtene til same nominelle pris som ein no sel for. Kostnader knytt til sal og eventuelt tilbakekjøp skal betalast av selskap som no kjøper.
5. Etter vedtak i Bokn formannskap skal kommune snarast senda tilbod til søkjar i samsvar med vedtak. Om kommunen ikkje har fått aksept på tilbodet innan 31.07.2016 fell det bort. Når kommunen har mottatt aksept, skal ein snarast setja i gong sak om utskiljing. Straks utskiljing og oppmåling er gjennomført, blir tomte/tomtene fakturerte med 30 dagars betalingsfrist. Når tomte/tomtene er betalt blir ho/dei skøyta over til kjøpar. Ved manglande oppgjer fell tilbodet bort.



## **Kva saka gjeld:**

Magne og Finn M. Alvestad søker om å kjøpa to tomter i Knarholmen for bruk til verksemd knytt til fiskeri.

## **Bakgrunn for saka:**

I brev frå Finn M. Alvestad motteke 2015.07.17 les ein det som fylgjer:

*Finn M og Magne Alvestad har søkt om å kjøpe Knarholmen til bruk for MS Håflu og den sin virksomhet .*

*Fiskerihavna i Alvestadkroken er blitt forliten/grunn pga at vi i har investert i meir fiskekvoter å større båt. Vi har fortsatt verksted og lager i Alvestadkroken.*

*Planen fremover for oss er å få ein ny kai som er dyp og stor nok til båten vi har i dag. Den båten vi har i dag er ikkje for fremtida, å vil bli skiftet ut med noe nyere å meir fremtidsretta ein gang om ikkje så lenge.*

*Kai til å ligge ved er første prioritet. Lager til fiskeredskaper er også viktig, redskapene varer mykje lenger ved innendørs lagring. Lite verksted til reperasjoner er også viktig. Har også tenkt på kjølelager , mottak for fisk fra oss sjølv. Det er fisk som blir sendt til Danmark på auksjon, i plassen for å seile ned med båten.*

*Ein del av desse planene er arealkrevende, så noe plass må til.*

*Veiløsningen ut til Knarholmen er og ein av dei tingene som vi må ha klarhet i, kan bli noe tungtransport over moloen.*

Som det går fram, ber han her om å kjøpa industri- og havneområdet på sjølve Knarholmen til verksemd knytt til MS Håflu si fiskeriverksemd i Bokn.

Vidare skriv Finn M. Alvestad i mail datert 2015.12.06 det som fylgje:

*Ønsker og kjøpe tomten som er igjen fra moloen og nord, 3,8 mål, på fastlandet.*

*Planlegger å bygge kai/brygge til mindre fiskebåter+ utleigesjøhus .*

*Det kan også være aktuellt å leig ut deler av område for finansiering av planene.*

Som det går fram ber han her om å kjøpa industri og hamneområdet på landsida nord for moloen til kai til mindre fiskebåtar og sjøhus for utleige til fiskarar, som har mindre båtar.

## **Saksutgreiing:**

Begge søknadene viser til fiskerirelatert bruk. Dette er i samsvar med reguleringsføresegnene og grunneigarerklæring som er tinglyst 21. juli 1986. Søknadene kjem frå personar som bur og driv fiske frå Bokn. I seinare tid har MS Håflu utvida driftsgrunnlaget ved gjennom samarbeid og ved kjøp å sikra seg større kvotar. Det er kjøpt inn større båt for å kunna

handtera større fiskemengd. Alt tyder på at MS Håflu kan utvikla seg til å bli ein viktig næringsaktør på Bokn i framtida.

### **Sjølve Knarholmen**

Ute på sjølve Knarholmen vil ein leggja til rette for framtidig drift av fiskebåten Håflu. Ein vil byggja kai, med lager for fiskeutstyr og verkstad. Vidare vil ein byggja kjøleanlegg for fiskemottak, i fyrste omgang frå eigen fangst, for mellomlagring med sikte på eksport.

Det aktuelle området som er regulert til føremålet har eit landareal (På Knarholmen og på 3 små holmar) på ca. 2.380 kvm og eit sjøareal på 6.120 kvm til saman 8.500 kvm.

Kjøparen tek over ansvaret for å sikra naudsynt tilkomst til området. Under dette ligg at han må gjera avtale med Kystverket om bruk av moloen som tilkomst og må bera kostnader til naudsynt utviding og styrking av moloen for dette føremålet.

### **Areal på landsida**

På fastlandet vil ein leggja til rette for fiskeri frå mindre båtar. Ein vil byggja kai og sjøhus til utleige til fiskarar med mindre båtar.

Det aktuelle området er regulert til føremålet og har eit landareal på ca. 3.020 kvm og eit sjøareal på 2030 kvm til saman 5050 kvm.

Det går veg til kai på moloen og til Knarholmen samt til Losstasjonen sør for moloen over tomte. Bokn Kommune godkjenner som seljar at veggen blir lagd om dersom bruken ikkje blir skadelidande. Kjøparen må syta for naudsynt omregulering og godkjenning av tiltaket etter plan- og bygningslova samt syta for godkjenning frå Kystverket.

### **Vurdering:**

Rådmannen finn at kjøparen sin tiltenkte bruk av området er i samsvar med intensjonen i reguleringsplanen og i grunneigarerklæringa. Planane synest å vera framtidsretta og er i samsvarer med kommunen sitt ynskje om å utvikla næring knytt til fiske i området.

Rådmannen rår difor til at eit eller to selskap under stifting ved Finn M. og Magne Alvestad får kjøpa dei to areala. Prisen blir sett til gjengs pris for ikkje opparbeid areal i området, kr. 85,- pr. kvm for landarealet. Dersom det innan 31.12.2020 ikkje er kome i gong arbeid med opparbeiding av areala, har Bokn kommune rett til å kjøpa tilbake begge eller kvart av dei selde areala til same nominelle pris.









